



BØ OG SAUHERAD KOMMUNAR

Kulturminne og kriteria for verdivurdering

Vedlegg 2 til Interkommunal kommunedelplan for
kulturminne for Bø og Sauherad

10.11.2016

Dette vedlegget summerer fastebygg og områder som er automatisk freda, vedtaksfreda eller verna gjennom Plan- og bygningsloven, samt ein vegleiar for verdivurdering av kulturminne.

Vernetyper	2
Freda bygg og anlegg i Bø og Sauherad	4
Kulturlandskapsområder, kulturmiljø og bygningar verna etter Plan- og bygningslova i Bø og Sauherad	6
Verdivurdering av kulturminne	7

Vernetyper

SEFRAK

SEFRAK er eit register over bygningar som er eldre enn år 1900. Hensikta med registeret er å halde oversikt med den fysiske tilstanden til eldre bygg og kulturminne i Noreg.

Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Den enkelte eigar pliktar likevel å melde frå til og søke kommunen før det blir gjort endringar, flytting eller riving av eit bygg.

SEFRAK er eit generelt kulturhistorisk register, og har verdi som kjeldemateriale for den lokale historia. Registeret blir og bruka av både nasjonal og lokal forvaltning for å finne og halde oversikt med verneverdige bygningar.

Dersom ein treng opplysningar om eit SEFRAK-bygg, kan ein kontakte kommunen, eller sjå <http://www.miljostatus.no/kart/>. Her kan du blant mange ulike kartlag velje SEFRAK som tema og få oversikt over alle registreringar i Noreg.

Freda bygg

Freding er den strengaste forma for vern. Eit bygg kan vere freda både inn- og utvendig. Fast inventar (skap, omnar m.m.) er omfatta av fredinga. Større laust inventar kan inngå i særlege tilfelle.

Dersom eit bygg er freda inneber dette at alle endringar utover vanleg vedlikehald må godkjennast av antikvariske myndigheiter – Telemark fylkeskommune og Riksantikvaren. Her gjeld kulturminnelova. Om eigar/brukar påfører freda bygg eller anlegg utbetring som er i strid med fredinga, kan ein bli pålagt å føre kulturminnet tilbake til tidlegare stand.

Eigarar av freda bygg og kulturminne pliktar å halde dei i forsvarleg stand. Det finst fleire stadar å søke om midlar til restaurering og andre tiltak for bevaring av kulturminne. (sjå tiltaksplan)

Automatisk freda

Alle kulturminne som er eldre enn år 1537 er automatisk freda gjennom lov. Dette gjeld bygningar, gravplassar, arkeologiske lokaliteter, ruiner osv.

Bygg som Riksantikvaren har erklært som ståande byggverk frå perioden 1537 – 1649 er og automatisk freda.

Vedtaksfreding

Bygningar som er nyare enn 1650 kan blir freda gjennom vedtak, dersom dei blir vurdert til å ha kvalitetar med lokal, regional eller nasjonal verdi, som må sikrast for framtida. Saker om freding vert handsama av Riksantikvaren.

Vern/verneverdig

Nokre kulturminne er verna gjennom lov eller andre virkemiddel. Dette gjeld kulturminne som er freda gjennom kulturminnelova eller verna gjennom plan- og bygningslova, kyrkjelova eller lova om naturmangfald. Dette gjeld ofte kulturminne som har lokal verdi.

Nemninga verneverdig, omfattar bygg som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering. Ei bygning som er identifisert som verneverdig, kan fortelle om lokal byggeskikk, arkitektur og/eller kulturhistorie.

Verneverdien her er normalt sett knytt til eksteriøret til bygget, som vinduer, trapper og dører og kledning osv. Eksempel på dette kan være SEFRAK-bygg eller nyare lokale bygg, som lokale myndigheitar meiner er viktige, eller typiske for staden.

Normalt sett vil det være kommunen som sikrar vern av slike kulturminne, ved lokale reguleringsplanar tufta på plan- og bygningsloven.

For Bø og Sauherad er slikt vern gjort ved å definere viktige kulturlandskap og kulturmiljø tidleg på '90-talet. Kulturlandskapa er nært knytt til jordbrukslandskapet og dei gamle kyrkjeplassane, medan kulturmiljøa er knytt til historisk viktige handel- og næringsområder.

Listeførte bygg

Alle kyrkjer frå mellom 1650 og 1850 er listeførte, i tillegg til, ei rekke bygd etter 1850. At ei kyrkje er listeført, vil seie at den er definert som verneverdig, og har nasjonal verdi. Dette tyder at dei skal behandlast med same respekt som freda kyrkjer.

Listeførte kyrkjer behandlast i samsvar med kirkerundskrivet frå Kyrke,- utdannings- og forskingsdepartementet og Miljødepartementet.

Saker som gjeld endringar ved listeførte kyrkjer skal handsamast av Riksantikvaren, som skal gje faglege råd om endringar ved kyrkja, om istandsetting og vedlikehaldstiltak. Biskopen fattar endeleg vedtak etter kyrkjelova. Kyrkjeleg fellesråd sender søknad via biskopen, til Riksantikvaren.

Tiltak i listeførte kyrkjer sine nærområde (60 metersonen i spredtbygde område) skal behandlast av fylkeskommunen.

Vanleg vedlikehald og mindre reparasjonar kan utførast utan søknad. Unntaket her, gjeld kyrkjekunst. Er ein i tvil om antikvariske interesser, skal Riksantikvaren kontaktast.

Ved all maling og oppussing skal det nyttast tradisjonelle materialar og teknikkar. Mindre arbeid kan utførast utan å kontakte Riksantikvaren, så lenge det nyttast tradisjonell maling/murpuss og same farge som tidlegare.

Ved større oppussing og reparasjonsarbeid, skal Riksantikvaren alltid kontaktast i forkant.

Digitale kjelder

www.miljostatus.no/kart syner SEFRAK-registreringane på kart og inneheld informasjon om kvart enkelt bygg.

På riksantikvaren.no finn ein informasjon om dei ulike fredings og vernetypane, samt om SEFRAK og listeførte kyrkjer.

[Askeladden.no](http://askeladden.no) er Riksantikvarens database over freda kulturminne og kulturmiljø i Norge. Kommunar kan få tilgang til Askeladden for å registrer kulturminne underlagt lokalt vern.

[Kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no) syner ei kart-oversikt over kulturminne registrert i askeladden.no og registreringar av kulturminne registrert av frie lokale registratorar. I Bø og Sauherad har frivillige og kommunane samarbeida om aktiv registrering av nyare tids kulturminne sidan 2009.

Freda bygg og anlegg i Bø og Sauherad

Oversikt over automatisk og vedtaksfreda bygg og anlegg i Bø og Sauherad.¹

Kulturminne	Vernestatus	Kategori	G./B. nr.	Kulturminne ID (Askeladden)	Eigar	Kommune
Opdal-Uvdal	Automatisk freda	Stabbur tapt	60 / 1	86679-1	Privat	Bø
Sønstebø	Automatisk freda	Stabbur	22 / 3	172023-1	Privat	Bø
Gåra kyrkjestad	Automatisk freda	Kyrkjestad	3 / 1	84455-2	Privat	Bø
Bø kyrkjestad	Automatisk freda	Kyrkjestad	55 / 30	83992-2 og 3	Offentleg	Bø
Bø gamle kyrkje	Automatisk freda	Kyrkjestad	55 / 30	83992-1	Offentleg	Bø
Bø kyrkje	Listeført	Kyrkje	55 / 30	83994-1	Offentleg	Bø
Borgja	Freda-ulike vernetyper	Stue og stabbur	51 / 142	86674-1 og 2	Privat	Bø
Forberget Suigard	Freda – ulike vernetyper	Våningshus og stabbur	38 / 10	86677-1 og 2	Privat	Bø
Nerbø – Majorbø	Vedtaksfreda	Våningshus	56 / 4	86678-1	Privat	Bø
Eika Nigard	Vedtaksfreda	Stabbur	62 / 3	86676-1	Privat	Bø
Bø Prestegard	Vedtaksfreda	Prestegard med stabbur	53 / 249	86675-1 og 2	Privat	Bø
Erikstein	Automatisk freda	Stabbur, med tømmer frå mellomalderen	26 / 12	220326-1	Privat	Bø
Sauherad Prestegard	Freda – ulike vernetyper	Prestegard	49 / 1	86829-1	Privat	Sauherad
Svalstugu – Flathus N.	Automatisk freda	Stabbur	15 / 2	86830-1	Privat	Sauherad
Roe-Rui	Automatisk freda	Stabbur	44 / 2	86828-1	Privat	Sauherad
Nordigard Voltveit	Automatisk freda	Stabbur	27 / 10	86827-1	Privat	Sauherad
Arud	Automatisk freda	Stabbur	28 / 4	86824-1	Privat	Sauherad
Klevar øvre	Vedtaksfreda	2 Stabbur	46 / 1	86825-1 og 2	Privat	Sauherad
Klevar nedre	Freda – ulike vernetyper	Våningshus og stabbur	46 / 2	86826-1 og 2	Privat	Sauherad
Nes kyrkjestad	Automatisk freda	Kyrkjestad	72 / 4	85106-1 og 2	Offentleg	Sauherad
Sauherad kyrkjestad	Automatisk freda	Kyrkjestad	49 / 17	85404-1 og 2	Offentleg	Sauherad
Tinnosbanen	Vedtaksfreda	Jernbaneline	103/3 og 4	139705-14	Jernbane-verket	Sauherad

¹ Lista omfattar ikkje alle automatisk freda kulturminne etter kulturminnelovens paragraf 4, det vil seie kulturminne inntil år 1537. Lista omfattar kun ståande bygg og anlegg.

Hjuksebø Stasjon	Vedtaksfreda	Jernbanestasjon og bygningsmiljø	103/3	139705-14	Jernbaneverket	Sauherad
Hjukse bru	Vedtaksfreda	Jernbanebru	103/4	139705-14	Jernbaneverket	Sauherad

Kulturlandskapsområder, kulturmiljø og bygninger verna etter Plan- og bygningslova i Bø og Sauherad

Oversikt over lokalt verneverdige kulturlandskap, kulturmiljø og bygninger i Bø og Sauherad, som er verna gjennom plan- og bygningsloven.

Kulturminne	Vernestatus	Kategori	Plan	Eigar	Kommune
Nesodden	Omsynssone kulturlandskap	Landbruksområde	Kommuneplanens arealdel	Privat og offentlig	Sauherad
Evju Bygdetun	Omsynssone kulturlandskap	Landbruksområde	Kommuneplanens arealdel	Privat	Sauherad
Sauherad kyrkje	Omsynssone kulturlandskap	Kyrkjestad og landbruksområde	Kommuneplanens arealdel	Offentleg	Sauherad
Gamlegata Gvarv	Bevaring kulturmiljø	Bygningsmiljø med bustader og næringsbygg	Reguleringsplan (15.12.1994)	Privat	Sauherad
Årnes brygge	Bevaring kulturmiljø	Bustad, handel og brygge.	Reguleringsplan (15.02.1996)	Privat	Sauherad
Hørteverket	Bevaring kulturmiljø	Bygningsmiljø med bustader og næringsbygg	Reguleringsplan (26.09.2002)	Privat	Sauherad
Liheia	Omsynssone kulturlandskap	Kulturlandskap	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Bøhaugen – Nordbø	Omsynssone kulturlandskap	Kyrkjestad og landbruksområde	Kommuneplanens arealdel	Privat og offentlig	Bø
Forberg	Omsynssone kulturlandskap	Kulturlandskap	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Jønneberg	Omsynssone kulturlandskap	Kulturlandskap	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Prestegardshamna	Omsynssone kulturlandskap	Kulturlandskap	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Gvålåhaugen	Omsynssone kulturlandskap	Gamal kyrkjestad	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Stoklandsheia	Omsynssone kulturlandskap	Kulturlandskap	Kommuneplanens arealdel	Privat	Bø
Oterholt	Bevaring bustad, museum, landskaps- og bygningsvern	Eldre handelssenter	Reguleringsplan (04.14.1995)	Privat	Bø
Parti av Bøgata (Bøgata 27, 31, 33, 35, 41)	Bevaring kulturmiljø	Bygningsmiljø med bustader og næringsbygg	Område-reguleringsplan (01.48.2012)	Privat	Bø
Skoghaugen	Bevaring kulturmiljø	Tidlegare skulebygg og næringsbygg	Område-reguleringsplan (01.48.2012)	Bø kommune	Bø
Lifjell hotell og Espedalsstugo	Bygningsbevaring	Hotellbygg	Reguleringsplan (04.31.2006 og 04.22.1999)	Privat	Bø
Oppheimvegen 2 og 4	Spesialområde bevaring	Bustader	Reguleringsplan (01.27.1988)	Privat	Bø
Den Gode Nabo-bygget	Vernet bygg	Næringsbygg	Reguleringsplan (01.47.2009)	Privat	Bø

Verdivurdering av kulturminne

Som verktøy til vurdering av kulturminne har Riksantikvaren sett opp fleire kriteriar som er med til å avgjere om og på kva måte eit kulturminne skal takast vare på. Desse kriteria vil vere sentrale for kommunane Bø og Sauherad å aktivt nytte i si framtidige verdivurdering av kulturminne.

Ved vern av nye kulturminne eller –miljø² skal desse kriteria saman med historia³ danne grunnlag for verdivurderinga og utval av kulturminne og –miljøa, der ein vektjer verna kulturminne i 3 kategoriar som speglar verdivurderingane middels, stor og svært stor verdi for den lokale historia.

Kriteria som vert lagt fram i det neste, og verdisettingskjema er henta frå Riksantikvaren sitt prosjekt KIK. I høve planprogrammet er desse kriteria endra i samsvar med KIK sine endringar.

Viktige kriteria for vurdering av kulturminne

Når ein snakkar om verdisetting av kulturminne, meinast det kva betyr kulturminna for oss? Gjerne har dette noko med kva ber kulturminnet med seg av kunnskap, opplevingar eller bruksverdi som er viktig for oss no? Kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar er dei tre viktigaste hovudkriteria for å vurdere om kulturminne skal takast vare på eller ei.

Kva kunnskap kan kulturminnet gi oss?

Kulturminne har ei særleg tyding som kjelde til kunnskap om og forståing av fortida. Dette kan gjelde ulike forhold som kulturminnet sitt opphav, bruk og tyding, menneskets liv, tru og samfunnsforhold generelt og interaksjonen mellom menneske og natur.

Dømer på kunnskapsverdiar kan vere; religionshistorie, bygningshistorie, næringshistoria, krigshistorie, idrettshistorie, osb.

Kva oppleving kan kulturminnet gi oss?

Opplevingsverdien er knytt til folks opplevingar og kan slik sett seiast å ha ein meir personleg forankring enn kunnskapsverdiane. Mange av opplevingsverdiane er knytt til korleis kulturminna påverkar oss både som enkeltmenneske og som fellesskap.

Dømer på opplevingsverdiar kan vere: arkitektoniske og kunstnariske uttrykk, symbol og identitetskjensle, undring, refleksjon, gjenkjenning, provokasjon, osb.

Kva kan vi bruke kulturminnet til?

Kulturminna kan knytast til vidareføring av dagens bruk og danne grunnlag for ny verdiskaping og endra bruk, der verdiane både kan takast vare på og aukast. Verdiane kan på den andre sida også bli redusert gjennom manglande eller feilaktig bruk.

Dømer på bruksverdi: Økonomisk verdi, ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, museal verdi.

Eigenskapskriterier

Alder og kontinuitet: Kor gammalt er kulturminnet eller kulturmiljøet? Viser det utvikling gjennom fleire epokar og historiske samanhengar?

Autentisitet: Autentisitet må alltid relaterast til noko, som materialbruk, stilart, byggemåte eller tid. Er det opphavlege eller nye materialar? Er dei gamle teknikkane brukt? Er kulturminnet så gammalt som det vert påstått at det er?

² Merk: gjeld ikkje kulturlandskap. For kulturlandskap visast det til t.d. vektning av verdiar i Regionalt miljøprogram.

³ Vedlegg 1 – Bø og Sauherad si historie.

Mangfold og variasjon: Representerer kulturminnet ulike formar og funksjonar, ulike epokar og eit mangfald av historier, jf. lista over kunnskapsverdiar?

Samanheng og heilskap: Kva samanhengar og heilskapar inngår kulturminnet i? Rommar kulturmiljøet ulike samanhengar knytt til tema som tid, etnisitet eller funksjonelle system?

Dynamikk og endring: Er kulturminnet eller kulturmiljøet prega av ulike typar dynamikk, endringar og sterke endringskrefter?

Brot og kontrast: Representerer kulturminnet eller kulturmiljøet brot eller kontrast i forhold til tema som form eller funksjon, kontinuitet eller etnisitet, handverksteknikk eller materialbruk?

Leseleg og tydeleg: Representerer kulturminnet eller kulturmiljøet historia på en særleg tydelig og pedagogisk måte eller særleg store og intense opplevingar?

Egna: Har kulturminnet eller kulturmiljøet god funksjonslytet i høve dagens situasjon og bruk. Er det godt vedlikehald slik det står fram i dag?

Haldbar: Har kulturminnet eller kulturmiljøet stabilt brukspotensial over tid, er det egna for endra eller eventuelt ny bruk i framtida?

Tolegrense: Er kulturminnet eller kulturmiljøet sårbart for inngrep og endringar, eller har det høg tolegrense?

Interaksjon natur-kultur: Viser kulturminnet eller kulturmiljøet samspelet mellom natur og kultur på ein særleg god måte? Gjeld dette bygging eller lokalisering av bygningar og anlegg, ressurs- eller arealbruk?

Kva kjenneteiknar kulturminnet samanlikna med andre kulturminne?

Omgrepa sjeldan og representativitet er sentrale i kulturminnepolitikken der eit viktig mål er å bevare eit representativt utval kulturminne. Arbeidet med å samanlikne kulturminne er ofte avgjerande i verdisettingsarbeidet – enkelt der det er få kulturminne, men krevjande for kulturminne det er mange av. Det er krevjande å skaffe ein god og tilfredsstillande oversikt over kulturminne:

- Er kulturminnet opphavleg sjeldan eller er det blitt sjeldan som resultat av tilfeldige eller plan messig utval gjennom historia?
- Er det representativt for noko som var vanleg i fortid eller som er vanleg i notid?

Sjekkliste i arbeidet med verdisetting og verdivekting

Sjekklista på neste side har som mål å vise samanheng og arbeidsgang, og skal sikre at nødvendige forhold blir vurdert, at det blir enklare å jobbe seg fram til ein konklusjon og at vurderinga som blir gjort, skal vere tilgjengeleg og mogleg å etterprøve.

Oversikta skal vere ei hjelp i vurderingsarbeidet og representerer ikkje ein matematisk modell. Det vil alltid vere eit element av skjønn i korleis vi veker verdiar og bruker det avsluttande kriteriesettet. Vi anbefaler registratorane å bruke det skjematisk oppsettet til å notere reaksjonar og refleksjonar underveis i registreringsarbeidet og at kommunane lagrar dette for framtidig bruk.

I framtidig verdivurdering av kulturminne i kommunane må det vere eit mål at kulturminna med lokalt vern etter Plan- og bygningsloven, blir vurdert etter 3 kategoriar. Kategoriar som speglar verdivurderingane middels, stor og svært stor verdi for den lokale historia.

Verdisettingskjema for kulturminne

Kva verdiar kan vi knytte til kulturminnet?

Kunnskapsverdiar

Opplevingsverdiar

Bruksverdiar

Kva slags eigenskaper kjenneteiknar kulturminnet?

Alder og kontinuitet

Autentisitet

Mangfald og variasjon

Samanheng og heilskap

Dynamikk og endring

Brot og kontrast

Leseleg og tydeleg

Eigna

Haldbar

Tolegrense

Interaksjon natur-kultur

Kva kjenneteiknar kulturminnet samanlikna med andre kulturminne?

Opphavleg sjeldan, sjeldan ved tilfeldig eller planmessig utval

Representativt for noko som er vanlig no eller noko som var vanleg før

Vi vektar verdiane Liten

Liten
verdi

Middels
verdi

Stor
verdi

Svært stor
verdi

Kulturminnet representerer periodar med særleg tyding for historia/utviklinga

Kulturminnet er knytt til verksemd med særleg tyding for historia

Kulturminnet er knytt til hendingar med særleg tyding for historia

Kulturminnet er knytt til personar med særleg tyding for historia

Kulturminnet er av særleg tyding for ein eller fleire etniske grupper

Kulturminnet har særleg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi

Kulturminnet har særleg tyding som kjelde til historia der det fins få eller ingen skriftleg kjelder

Kulturminnet har særleg tyding som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping

Kulturminnet sin alder og type løyser ut juridiske virkemidlar på nasjonalt plan, sjå kulturminneloven